

ÅRSMELDING RADØY SAU OG GEIT 2018



Biletet er innsendt av Elin Morken



Biletet er innsendt av Arild Valdersnes

Styret har vore samansett av ;

Leiar ; Kåre Hole *
Nestleiar ; Torill Valdersnes
Kasserar ; Edgar Grindheim *
Skrivar ; Erna Tunsberg Erstad
Styremedlem ; Øyvind Morken *

Web ansvarlig for heimesida til Radøy sau og geit ;
Gøran Espeland

Varamedlemmer ;
1.vara Sissel Borgund Johannessen *
2.vara Birger Vestheim *
3.vara Thore Johnsen *

Revisorar ;Kristen Risnes* og Vidar Morken *

Valnemd ; 1 Ivar Soltveit*

2 Svein Haugen

3 Knut Arve Kartveit

Dei som er merka med * er på valg på årsmøtet .



Bilete innsendt av Elin Morken

Årsmøtet i Radøy sau og geit vart halde den 31.01.2018
kl 20.00 på Smiths møte og selskapslokaler .20 medlemmer møtte.

Kjetil Rødland nestleiar i Hordaland sau og geit var med oss denne kvelden . Han fortalte oss litt om historien til HSG og korleis orga - nisasjonen er bygd opp. Han snakka og om kåringssjåa i Hordaland og viste bilete.

Heile foredraget hans kan ein finne på Radøy sau og geit si heimeside. Der kan ein og finne referat frå heile årsmøtet.



Høstes værslam Gammalnorsk spæl .Foto Marianne Hopland

Valg av nytt styre vart som vist på foregåande side.



Bilete innsendt av Elin Morken

Det vart i år leiaren Kåre Hole og nestleiaren Torill Valdersnes som var utsendingar til årsmøtet 23-24 Februar på Stord Hotell. I samband med årsmøtet gjekk også markeringa av Hordaland sau og geit sitt 70 års jubileum føre seg . Dette var ein fest middag som var den 24. Februar om kvelden. Her hadde alle medlemmane muligheit til å melde seg på .

Utsendingar til leiarsamlinga i haust på Quality Hotell Edvard Grieg , Fredag 26. og Laurdag 27. oktober var Erna Tunsberg Erstad og leiaren Kåre Hole .



Bilete innsendt av Arild Valdersnes

Laget har i år hatt ein stor auke i medlemsmassen og hadde ved årets slutt 98 medlemmer. Av desse var 15 husstandsmedlemmer , 1 æresmedlem , 1 støttemedlem , 58 medlemmer opp til 50 sau og 23 medlemmer over 50 sau. Laget er leiaren vår, Kåre Hole, ei stor takk skuldig for den store innsatsen han har gjort med medlemsverving.

Det var også i år ullinnsamling vår og haust . Desse gjekk greit føre seg. Vi har i år hatt 6 styremøter i Radøy sau og geit. I tillegg har vi hatt 3 møter ilag med Austrheim sau og geit for å planleggje landbruksdagen.

Vi hadde eit medlemsmøte på Smiths møte og selskapslokaler den 20.03. 27 medlemmer møtte. Veterinær Lars Fredrik Sætre ,og Helge Gullbrå frå Felleskjøpet var med oss på møtet denne kvelden. Felleskjøpet delte ut rabattkuponger på 10 % til alle medlemmane som var representert på møtet. Lysbildeoppsettet som vart brukt vart sendt ut til alle medlemmane på e-post.



Bilete innsendt av Elin Morken

Radøy sau og geit var sammen med 4H og dei andre landbruks organisasjonane med på arrangere Åpen gård den 22 . April hjå Anne Britt Bru Ødegård og Jan Gunnar Vakt skjold. Det var ein god del folk trass i at veret ikkje viste seg frå si beste side . Marius Hindenes var der og klippte sauer ,og han hadde og ei lita oppvisning i bruk av gjetarhund.



Borna fulgte ivrig med då Marius klippte. Hunden hadde full kontroll på sauene. Dei to øverste bileta innsendt av Erna Tunsberg Erstad



Her er sauen i kyndige hender. Sauefjøset frå utsida. Dei nederste bileta er tatt av Bente Kopperdal

Sauene hadde respekt for hunden.

Vi hadde Fredag den 23 .Mai om kvelden ei kjekk samling med grilling og sosialt samvær i løa/ puben til Asgeir Nøttveit . Dette var noko alle medlemmane hadde muligheit til å melde seg på til på førehand.

Den 2. juni mellom kl.11-14 hadde vi grillaksjon på Manger utanfor Rema 1000.Aksjonen var eit samarbeid med Nortura og Kjøttbransjens landsforbund.

Aksjonen vart gjennomført i strålende sol og mange varmegrader . Dei som var med og gjennomførte aksjonen var ;Edgar Grindheim ,Asgeir Nøttveit,Birger Vestheim,Øyvind Morken og Erna Tunsberg Erstad. Kåre Hole var også innom ei lita stund men var forhindra frå å delta heile dagen. På tross av tørken fekk vi gjennomføre aksjonen sidan vi brukte gassgrill. Oppslutninga om aksjonen var positiv og smaksprøvene gjekk unna hos folk .



Her er det Edgar og Birger som er i sving. Edgar, Asgeir og Øyvind.Foto Erna Tunsberg Erstad.

Den 20.08.18 hadde Radøy sau og geit møte for alle om utegangarsau. Møtet vart halde på Smiths Møte og selskapslokaler .38 personar møtte på dette møtet.

Leif Trygve Berge frå Norsk landbruksrådgivning Vest Sa og Johannes Nedrebø, rådgjevar på småfe hjå Nortura var med oss denne kvelden.

Referat frå møtet ligg på Radøy sau og geit sine sider.

Også i år stilte Odd Matre opp , som så mange tidlegare år , og parterte lam på ungdomsskulen. Lammet var sponsa av Nortura.Dette er ei viktig kilde til læring for ungdommane og laget er svært takknemlig for innsatsen til Odd Matre.

Det vart i år felt 8 revar på Radøy . Beste revejegar vart også i år Bjørn Tore Vakt skjold med 3 revar.Premien frå laget på 1000kr går derfor til han.



Gammalnorske sauer i lamminga.Foto Erna Tunsberg Erstad

I år vart det Austrheim sau og geit og dei andre landbruksorganisasjonane der og Radøy sau og geit som samarbeida om å arrangere kåringsjået under landbruksdagen på Austrheim.

Grunnen til at Lindås og Meland sau og geit ikkje var med i år var at dei valgte å arrangere sitt eige sjå , (Bondens dag) i parkeringshuset i Knarvik senter.

Kåringsjået vårt gjekk også i år føre seg utanfor Austrheimhallen . Det var den 06.10.18.Kåringa gjekk fint føre seg med godt med tid og godt med plass.Utan Lindås var det overkommelig med arbeid både under , før og etter kåringa.

Aktiviteten rundt var også stor med ny rekord med ungar på traktortrøing med 215 ungar.Det som også var positivt i år var at folk var flinke til å hjelpe til.Ei spesiell takk til dei som ikkje sjølv stilte dyr til kåring , men som likevel tilbød si hjelp!

Arbeidsmessig var det fordelt slik ;7 stk på Onsdag i 3 timar, 5 stk på Fre dag i 3 timar. Ca 12 timar parkeringsvakt på Laurdag.+riving,rydding Laurdag.Her er det ikkje heilt oversikt over kor mange som deltok. Tilbakemelding på at parkeringsvaktene frå Kaland gjekk før dei skulle.Dette er også tatt med i referatet etter evalueringsmøtet på Austrheim.

Det vart stilt 94 lam , 70 frå Radøy, Dei fordeler seg slik;

SJEVIOT	15 dyr frå 3 flokkar.Alle kåra.
NKS	38 dyr frå 5 flokkar. 5 vraka.
SPÆL	11 dyr frå 2 flokkar. Alle kåra .
BLÆS	3 dyr frå ein flokk. Alle kåra.
GNS	3 dyr frå ein flokk. Alle kåra.

Det var veldig god kvalitet på dyra som vart kåra .

På Spæl var det brukt 6 ein gong ,7 fem gonger,og resten 8,9,10.

På Sjeviot var det brukt 7 to gonger, resten 8 og 9.

På Nks var det brukt 6 ein gong , 7 fem gonger, resten 8,9 og 10.

Resultatet frå premieutdelinga til Radøy sau og geit etter kåringsjået står på siste sida.

Litt bilete frå kåringa



Spente sjeviotsauer og spent eigar .Bileta er innsendt av Elin Morken.



Den årlege julemiddagen til Radøy sau og geit var på Smiths møte og selskapslokaler Mandag den 10. desember. Klokka 20.00 . Med gjestar var vi 37 personar tilstades . Det er veldig kjekt at så mange ville vere med og gjere dette til ein hyggeleg kveld.

Jarle Helland leiar i Hordaland bonde og småbrukarlag var med oss denne kvelden og snakka m.a om beiteutvalget, overproduksjon og økonomi, og RMP. Han peika på at det hadde vore dårlege tider før også med motgang for sauebøndene. Referat frå julemøtet vil verte lagt ut på heimesida vår. Deretter åt vi julemiddag før vi tok utdelinga av gåvopremiane og til slutt ei lita utlodning blandt alle medlemmane på møtet.



Dei tre vinnarane av fat frå sauelaget ; Elin Morken, Roald Myksvoll, og Thomas Risnes



Jarle Helland i aksjon

Gåvepremiar 2018

SPÆL				
Høgast poengsum	201852290	Thomas Risnes	155p	Fat sau og geit
	201852289	Thomas Risnes	151p	Gavesjekk Veland 500kr
Høgast dommarpoeng 2stk	201852284	Håvard Tjore	27p	Pokal FK
	201852990	Thomas Risnes	27p	Bjøllle Os Id
Beste ull	201852284	Thomas Risnes	10	Vase Nortura
Bruksegenskap 6*9	201852290	Thomas Risnes	10p	Ring 156
	201852289	Thomas Risnes	9p	Nessemaskin sekk
SJEVIOT				
Høgast poengsum	201852329	Elin Morken	160p	Fat sau og geit
	201852326	Elin Morken	159p	Regnklede AK maskin
Høgast dommarpoeng	201852333	Bente Morken	36p	Pokal FK
	201852331	Bente Morken	35p	Bjølle Os Id
Beste ull 4*9	201852333	Bente Morken	9	Vase Nortura
	201852321	Elin Morken	9	Bøttestativ gårdbrukerservice
Bruksegenskap 5*9	201852327	Elin Morken	9p	Bok frå Radøy kommune
	201852333	Bente Morken	9p	Sekk Nessemaskin
NKS				
Høgast poengsum	201851921	Roald Myksvoll	161p	Fat sau og geit
	201852922	Roald Myksvoll	161p	Gavesjekk Knarvik dyreklinikk
	201852303	Kåre Hole	161p	Fiskå Mølle
	201852304	Kåre Hole	161p	Vest Moen Bjøllefabrikk
2*160p	201852305	Kåre Hole	160p	Spyleveske Real Maskin
Høgast dommarpoeng 6*27	201852273	Atle Mariussen	28p	Pokal FK
	201852314	Jan Gunnar Vaktskjold	27p	Bjølle OsId
	201852311	Kåre Hole	27p	Gavekort Yx
	201852305	Kåre Hole	27p	Real Maskin
Beste ull 11*9	201852311	Kåre Hole	9	Vase Nortura
	201852305	Kåre Hole	9	Bøttestativ gårdbrukerservice
Bruksegenskap 15*9	201852273	Atle Mariussen	10	Ring 154
	201852305	Kåre Hole	9	Stevnebø

